

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Møterom Fjøra 2, Sogndal hotell  
**Dato:** 05.04.2016  
**Tidspunkt:** 12:45 – 15:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon
Einar Målsnes	Medlem
Oddmund Klakegg	Medlem
Ivar Kvalen	Leiar
Eline Orheim	Medlem
Sven Flo	Nestleiar
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem
Marius Dalin	Medlem
Venke Kollbotn	Medlem

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn

---

Odd Atle Stegegjerdet  
Kari Synnøve Muri  
Turid Vallestad

## Merknader:

Varamedlemmane var med på styremøtet som eit ledd i kompetanseprogrammet, sjølv om dei ikkje hadde stemmerett.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar/sekretær
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_\_ Ivar Kvalen \_\_\_\_\_ Venke Kollbotn \_\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 10/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 11/16	Orienteringar		
ST 12/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til kjentmannskøyring 2016 - 2020 - Vikane Røde Kors		2016/1047
ST 13/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - tilbaketrekking av tidlegare tilretteleggingsløyve i Brenndalen - Briksdal Breføring		2012/4386
RS 2/16	Høring av forslag til endringer i regelverk for bruk av el-sykler i utmark og på behov for endring i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag - adgang for persontransport.		2015/4501
RS	Delegertsak 1/16 Løyve til motorferdsel for snøscooter til snømåling, Glommens og Laagens brukseierforening		
ST 14/16	Eventuelt		

### ST 10/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 05.04.2016

#### Handsaming i møte

Ei referatsak (Delegertsak 1/16 gjeldande løyve til motorferdsel for å utføre snømålingar) falt ut av møteinnkallinga, men vart ettersendt pr e-post.

### ST 9/16 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

#### Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 05.04.2016

## **Handsaming i møte**

Ivar Kvalen føreslo Venke Kollbotn til å underskrive protokollen, i lag med styreleiar.

## **Vedtak**

Venke Kollbotn vart valt til å underskrive protokollen frå dette møtet, i lag med leiar.

Dei stadfestar då per e-post om dei godkjenner protokollen eller har merknadar, og e-postane blir deira «underskrift» og vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte.

Samrøystes vedteke.

## **ST 11/16 Orienteringar**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 05.04.2016**

#### **Orienteringar:**

1. Konferanse i Sveits i regi av EuroParc. Den 18.-22.oktober går EuroParc sin konferanse i Jura Vaudois Regional Park, nær Geneve i Sveits. Det er høve til at medlem i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre melder seg på, vi har budsjett til å dekke utgiftene til reise/deltaking for dei søm ønskjer det. Styret er medlem i EuroParc. Sjå her for meir info:

<http://www.europarc.org/europarc-conferences/we-are-parks-2016/>

2. Status på Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt fagleg rådgjevande utval. Utvalet møter med heile eller delar av styret vanlegvis ein gong årleg.

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen/Nasjonalparkstyret/Radgjevande-utval/>

3. Gjennomgang av styret sine heimesider. Her finn ein all informasjon om nasjonalparkstyret, om forskrifta, vedtekter, planar og saksdokument. Ein finn og nyhende, lenkjer og anna informasjon. Under møtet etterspurte styret også lenkje til alle vegleiarane som Miljødirektoratet viste til, i sine presentasjonar. Presentasjonane frå kompetanseprogrammet skal også kunne finnast via heimesidene til styret. Sekretariatet skal lenkje til disse ila kort tid.

[www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen](http://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen)

4. Sekretariatet gikk gjennom forskrifta for Jostedalsbreen og status på forvaltningsplanen.
5. Evaluering av kompetanseprogrammet. Styret var nøgd, både dei deltakarane som hadde vore i styret frå før og dei som var heilt nye. Varaene sette pris på å

bli invitert. Professor Anne Sverdrup-Thygeson sin presentasjon fekk mykje skryt. Litt blanda erfaringar med gruppearbeidet. God breidde på tema; frå død ved til jus til stisykling.

## **ST 12/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til kjentmannskøyring 2016 - 2020 - Vikane Røde Kors**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar. Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av naturmangfoldlova § 48, løyve til kjentmannskøyring til Vikane Røde Kors v/ Anders Hage for perioden 2017 – 2020 på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld ein tur årleg i perioden veke 1 – 10 langs ruta Svartebotnen – Nordrebotnen – Storlogpiken inn mot Ceciliekruna jf. kart.
2. Kjentmannskøyringa gjeld for inntil tre scooterar med faste medlemmer frå Vikane og Gloppen Røde Kors Hjelpekorps.
3. Hjelpekorpsa skal føre GPS-logg, slik at også naudetatane kan nytte ruta i tilfelle større utrykkingar.
4. Det skal ikkje køyrast på helgedagar, heilagdagane eller i og rundt ferietid.
5. Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv, og køyringa skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
6. Statens naturoppsyn skal være med på køyringa, og passe på om det må takast spesielle omsyn til villreinen.
7. Rapport med dato, trasé, tal snøscooterar, og ev andre observasjonar skal sendast til nasjonalparkforvaltaren innan 1. juni kvart år.

Nasjonalparkstyret gjer søkjar merksam på at samtykkje også må hentast inn frå grunneigar. Stryn kommune er allereie involvert.

## **ST 13/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - tilbaketrekking av tidlegare tilretteleggingsløyve i Brenndalen - Briksdal Breføring**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Styret vart informert om at myndet til å pålegge fjerning av tiltak framleis er delegert fylkesmannen, men at styret truleg vil få denne delegeringa frå Miljødirektoratet ila året. Styret kan likevel be om fjerning. Dersom det ikkje blir fjerna, må styret sende saka over til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Endeleg vedtak inkluderte også å trekkje tilbake løyvet gjeve av Fylkesmannen frå 2007. Samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Med heimel i forvaltningslova si § 35, siste ledd, gjer Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette vedtak om å trekkje tilbake:

- løyve frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i sak 40/12, datert 04.12.2012, gjeldande tretrapper i Brenndalen.
- løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i sak 2008/2803, datert 26.06.2007, gjeldande bru og gelender i Brenndalen.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ber om at tiltakshavar, Briksdal Breføring, fjernar alle dei oppsette trappene/trinna/brua/gelenderet, inkludert boltar/utstyr/material før 15. mai 2016.

Forvaltningsmyndet minner om at motorisert ferdsle må søkjast om i god tid.

**RS 2/16 Høring av forslag til endringer i regelverk for bruk av el-sykler i utmark og på behov for endring i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag - adgang for persontransport.**

### **ST 14/16 Eventuelt**

#### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Styret hadde følgjande til eventuelt:

1. Forvaltningsplanen: Styret ba om sekretariatet kunne sende ut det førebelse arbeidsdokumentet ut til styret.
2. Møteplan: Styret ønskja at sekretariatet kunne lage framlegg på møteplan for resten av året, og gjerne også inn i neste kalenderår.